

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gulen.

Emne: Skav

Bygdelag: Dalsøyra

Oppskr. av: Ivar Kleiva

Gard: Kjellevold

(adresse): Dalsøyra

G.nr. 45 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrifta er etter Jon J. Kjellevold f. 1/10. 1864.

SVAR

- Nr 1. Det vart kalla hjelpefor.
- " 2. Det vart kalla markafor.
- " 3. Ordet vert bøygt: å skava skjev skov skave.
- " 4. I oppvoksteren åt forteljaren var skav jamt brukt, ikkje berre når det var smått om anna for.
- " 5. Dei brukte helst raun. Dessutan osp, der den fanst, men det var lite osp her.
- " 6. Ukjend her.
- " 7. Ukjent her.
- " 8. Skavet vart helst brukt til mjølkekyrne. Dei andre dyra fekk helst lyng. Det var helst utpå vinteren dei fekk skav. Skavet vart blanda inn i vandlane til kyrne. Skav av older likte ikkje krøtera. Det vart difor lite brukt..
- " 9. Mor til forteljaren sa alltid at dei måtte skava, for då fekk ho meir mjølk, og smøret fekk ein finare gul farge enn elles. At skav skulle setja nokon usmak på mjølka kan forteljaren ikkje minnast å ha høyrnt noko om.
- " 10. Ein skov helst borken av den veden ein hadde henta til brensel. Dessutan skov ein jamnast borken av hesjeveden, og brukte det og til krøtera.
- " 11. Det heitte å henta skavved.
- " 12. Skavved.
- " 13. Marka nytta som verb er ukjent.
- " 14. Ein henta sjeldan skav, nytta det vanlege brensel. Den nemnde trua er ukjent.
- " 15. Skavinga vart helst gjort inne i stova.
- " 16. Til å skava med vart det helst brukt ein "skavel"

Skavlane var laga av gamle ljåar. Tynsleljåane var ikkje haldne likare enn andre til det bruk.

"Vi brukte også bandekniv, men mor likte ikkje at vi brukte den, for skavet vart for grovt og hardt då, så krøtera likte ^{det} vikkje så godt. Skavlane var laga berre til dette bruk. Dei såg omlag slik ut:



- Nr. 17. Store stokkar vart lagde på sagkrakken, men elles vart berre hendene nytta til hjelp.
- " 18. Ukjent her.
- " 19. Ein heldt skavlen (skavkniven) med høgre handa, og kjeppen med venstre. Kniven drog ein til seg.
- " 20. Veden ein skov vart kalla "skavved" (ein)
- " 21. Den skavne borken vart berre kalla "skav" (eit).
- " 22. Ein skov borken både av store og små tre. Kjeppane var noko lenger enn vanleg brenneved, jamnast bort i mot ein meter.
- " 23. Dei skavne kjeppane vart kalla "skavved" eller "skjævlingar". Store kjeppar vart kalla "kubbar".
- " 24. Skavet skulle helst vera tunt. Ein tok like på veden, men det skulle helst ikkje fylgja ved med. Det var nok sume som var ilinkare enn andre til å skava, men forteljaren trur knapt at kyrne gjorde nokon skilnad på dei.
- " 25. Skjævlingane vart brukte til vanleg brenneved. Ein hadde ofte ein liten hoggestabbe med inn i stova og hogg dei opp til ved etterkvart ein skov.
- " 26. Her er ingen som brukar skav no lenger. Det vart ^{stilt} med det ~~for~~ ei 40-50 år sidan.